



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1943

Navnet på vatnet Kjusløftvatnet
Kommune Tvedestrand

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

H U S T O F T V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 30. august 1973.

Vatnet ligg i Vindafjord kommune, nærare stadfest i Imaland mellom Våga og Hustoft, og grensar i nord for ein del etter riksvegen til Sauda.

Arealet er omlag 40 ha og h.o.h. 38 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 20 m.

Stranda består for det meste av stein og fjell som går over til gjørmebotn mot djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, flotgras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og utover.

Nedslagsfeltet femner om skogsmark, myr og fjell, men og noko kulturbeiter og dyrka mark.

Hovudtilsaget fell inn på nordsida "Vågaelva" og vidare på same sida fell "Sabekken" inn.

Avlaupet renn ut i sør-vest og går til Vaagavatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet grønlig-gul.

Surheita pH er målt til 7.0 (nøytralt vatn) og som er heilt ideelt for aure. pH i Vågaelva vart målt til 5.0.

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.3 mg/l og den totale hardheita 4.5 mg/l. Dette er relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 30.0 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 3 fjærmygglarver, 2 vårflugelarver, 1 vannkalvlarve, 1 ringorm, 1 damsnegle og 2 muslingar - til saman 100 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 4 fjærmygglarver, 2 vannmidd, 1 stikkmygglarve, 1 vårflugepuppe, 2 muslingar og 1 stankelbeinlarve - i alt 110 individ pr. m².

På 10,0 m vart det funne 6 fjørmygglarver og 2 muslingar eller samla 80 individ pr. m².

Samla resultat syner at der er heller lite med botndyr i vatnet, men mange arter av dei verdfulle næringsdyra er likevel representert.

Planktonprøver.


Det vart teke både horisontale og vertikale planktontrekk, med planktonhov, og ein kom til dette resultatet: Ca 50 m horisontaltrekk var ein rik prøve medan 10,0 m vertikaltrekk må karakteriserast som fattig.


Fisk m.v..

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 38 røyr og berre 5 aurar.

Fordeler vi heile fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.





Set vi opp ei grafisk framsyning av røyra fordelt på cm-klassar vil denne sjå ut som synt ovanfor.

Det vart teke prøver av dei 5 aurane og av desse var 2 røde og 3 lysrøde i fiskekjøttet.

Det var 2 hanfiskar og 3 hofiskar.

4 av fiskane var angripne av parasittar.

Alle fiskane var gjellfisk.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	3.4	8.5	14.6	20.6	25.9
Årleg lengdetilvekst i cm	3.4	5.2	6.1	6.0	5.3
Antall fiskar	5	5	5	4	4

Medel kondisjonsfaktor = 1.18 tilseier fisk av sær fin kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for prøvefiskane i Hustoftvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet, (5 cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken ein dårleg lengdetilvekst dei fyrste åra, men frå 3-års alder går det jamt oppover. Vanlegvis er det ca 25 fiskar som danner bakgrunnen for ein slik vekstkurve, så når det her berre er 5 fiskar er det usikkert om desse er representative for fisken i Hustoftvatnet, men ein viss peikepinn vil dei gi.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt - men overbefolka av røyr. Tilhøva skulle liggja vel til rette for fiskeproduksjon i Hustoftvatnet.

Dei kjemiske tilhøva er gode, og når der er lite med botndyr å finna, kjem det av det store fiskebestandet som går og beitar. Planktonprøven var tilfredstillande, og ser vi på omfarfordelinga syner denne at det er småfisken (røyra) som fullt ut dominerar i dag. Medellengda på røyra er ca. 20 cm.

Vekstkurven tyder på dårlege tilhøve dei fyrste åra, men det rettar seg etter kvart.

Som kjent er det nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Finn ein her kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg, og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Husteftvatnet er bra i så måte. Sjelv om Våga-elva til sine tider fører neko surt vatn, vart dette nøytralisert i Husteftvatnet, og spelar såleis liten rolle all den tid ikkje rekrutteringa foregår her.

Ser vi på prøvefiskane våre, var 4 av dei 5 fiskane angripne av parasittar. Vidare var det parasittar å finna i røyra vi tek prøver av. Dette indikerar overbefolkning, då parasittar sjeldan forekjem i vatn der det er godt samsvar mellom næringsferråd og fiskebestand.

Vidare vart det berre fanga 5 aurar på dei 7 prøvegarna våre og etter alt å døma kan det sjå ut som om auren er på sterk tilbakegang og røyra er i ferd med å erobre vatnet fullt ut. Slik har det ofte lett for å gå der desse fiskeslaga er i blanding. Røyra har stor formeringsemne og fylgjeleg lett for å bli dominerande. Hertil kjem, at gytetiden for auren har vorte sterkt reduserte, i samband med utvidinga av riksvegen og omlegginga av Vågaelva. Det er stort sett Sabekken som i dag står for rekrutteringa, og heller ikkje her, vart det under ei seinare synfaring, sett kerkje yngel eller småfisk.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå, at grunneigarane går saman og skipar til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den enskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Vidare må ein gå i gang med utfisking av røyr, då røyrbestandet i dag er altfor stort. Det må kjøpast inn 6-8 stk. småmaska garn, (garna kan event. leigast av Vindafjord innlandsfiskenemnd form. Tomas Finnvik) og vidare må ein lokalisere gytetidene for røyra. Ein må så drive eit hardt garnfiske ved gytetidene om hausten og det er ikkje små mengder ein på denne måten kan ta ut. Om botntilhøva er slik, at der går an å bruke kastenot, er dette ofte ein

mykje effektiv måte å redusere eit røyrbestand på. Denne utfiskinga må pågå 2-3 år framover, og ein vil innan denne tid ha merka korleis fiskekvaliteten blir betre.

Det kan sjå ut som om der er særst lite med aure i Vatnet, og for å sikre ei tilfredstillande rekruttering av dette fiskeslaget, vil vi tilrå at det blir sett ut ca. 100 stk. settefisk av aure pr. år i 3 år framover. Røyra har sine faste stader den gyt på, og ein må sjølvstøtt prøve å unngå at settefisken blir utfiska samstundes med utfiskinga av røyra. Skulle dette syne seg, må ein vente med utsetjing av fisk inntil røyrbestanden er monaleg redusert.

Då vatnet ligg lageleg til på alle vis, må grunneigarlaget strakst det er etablert, gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. På denne måten vil grunneigarane få innkomer ut av vatnet, samstundes med at dei får full kontroll over det som foregår.

Hustoftvatnet er litt av ei perle, så det var sikkert ikkje få som ville prøve fiskelukka her.

Om det er av interesse å skipe til eit grunneigarlag, vil underskrivne hjelpe til på beste måte med dette.

Om 4-5 år bør det takast ein ny analyse for å sjå verknaden av dei tiltaka som her er peika på.

Stavanger 19/2 1974

Einar Berg